

Til Vg1-elevar i Utdanningsprogrammet Medium og kommunikasjon

Du har fått plass ved Førde vidaregåande skule. Vi ønskjer deg velkommen og håper du vil få ei god tid her ved skulen.

Oppmøte

Skulen tek til måndag 17. august. Klokkeslett og stad for oppmøte blir kunngjort på skulen si heimeside www.forde.vgs.no.

NB! Dersom du ikkje kan møte på skulen den første skuledagen, må du gje melding til skulen *før skulestart*, elles risikerer du å miste plassen.

Utfylling av skjema/kontraktar

Fyll ut skjema/kontraktar som du finn lenker til på Førde vgs si heimeside: Velkommen til skuleåret 2025-2026 ved Førde vidaregåande skule! (forde.vgs.no) og send dei til skulen så snart som mogleg.

Det må svarast på: Lånekontrakt – utlån læremiddel, samtykkeskjema publisering av bilete, samtykkeskjema deling av informasjon, og svarskjema val av framandspråk. I tillegg vil du finne informasjon om lån og stipend frå Lånekassen, skuleskyss, hybelinformasjon og kjøp av elev-PC.

Adressa til skulen er: Førde vidaregåande skule, Naustdalsvegen 12, 6800 FØRDE. Tlf.: 57637300.

Svarbrev kan sendast til: post.forv@vlfk.no

Framandspråk

Du kan anten halde fram med det framandspråket du har hatt på ungdomstrinnet, eller starte med eit nytt språk. Dersom du har hatt framandspråk som tilvalsfag 3 år på ungdomssteget, skal du ha framandspråk hos oss dei to første åra. Du kan velje å halde fram på nivå II med framandspråket du har hatt på ungdomsskulen, eller du kan starte på eit nytt språk på nivå I. Viss du ikkje har *fullført* framandspråk som tilvalsfag på ungdomssteget, må du ha faget alle tre åra.


NB! Hugs å fylle ut skjema med kva framandspråk du vil velje. Det kan vere fleire som ønskjer eit språk enn det skulen har elevplassar til. På svarskjema må du difor prioritere mellom ulike språk. Framandspråkgrupper med for få søkjarar vert ikkje sette i gong. Avhengig av interesse vil skulen tilby språkfag som programfag på Vg2 og Vg3. Dette vil det bli gitt meir informasjon om etter kvart.

Materialutgifter til startpakke

Elevane på VG1 Medium og kommunikasjon må betale **kr 1.000** for startpakke og materialutgifter. I startpakka er det utstyr som eleven treng for å gjennomføre utdanningsprogrammet. Beløpet går til å dekke materialutgifter over tre år. Skulen vil sende faktura.

Lærebøker og berbar PC

Alle elevar får gratis skulebøker. Bøkene vert delte ut ved skulestart. Fylkeskommunen har bestemt at alle elevar på Vg1 skal ha berbar PC. Du kan nytte eigen PC du alt har, eller kjøpe gjennom fylket si innkjøpsordning. Det blir anbefalt for elevar på MK/KDA å kjøpe inn den kraftigaste PC-en som fylket tilbyr gjennom innkjøpsordninga. Skjermen bør ha god innsynsvinkel (t.d. IPS-skjerm). Maskina må ha god lagringsplass, minst 16 gigabytes RAM og GeForce skjermkort. Det blir også anbefalt å kjøpe PC, og ikkje Mac. PC bestilling gjennom fylkeskommunen for skuleåret 2026/2027 blir opna i juli 2026.



Ta gjerne kontakt med Ole.Johnny.Devik@vlfk.no dersom du har spørsmål knytt til PC.

Les meir om vilkår og sjå fristar for bestilling <https://www.vestlandfylke.no/utdanning-og-karriere/elev/elevpc/>.

Stipend

Alle som ønskjer stipend og lån frå Lånekassen, må søkje på nett. Du kan søkje to stader:

- www.vigo.no – når du takkar ja til skuleplass på vigo.no, finn du søknaden om stipend og lån på vigo.no. Du bruker kodane til MinID for å logge deg inn på vigo.no.
- www.lanekassen.no - alle kan søkje på lanekassen.no. Du bruker kodane til MinID for å logge inn på søknaden.
- Viss du står på venteliste til eit høgare ønske, må du vente med å søkje.
- Som elev på medium og kommunikasjon har du rett til eit utstyrsstipend på kr 1427,-.
- Hybelbuarar kan få såkalla bortebuarstipend dersom avstanden mellom skule og heim er minst 40 km, eller dersom reisetida tur/retur er over 3 timar. For meir informasjon: Sjå www.lanekassen.no

Hybel og skuleskyss

Skulen driv dessverre ikkje hybelformidling. Du må difor skaffe deg hybel sjølv dersom du treng det. Alle kan ikkje få hybel i sentrum. Det er heller ikkje nødvendig. Du kan reise gratis med skulerutene om du bur meir enn 6 km frå skulen. Bur du meir enn 6 km frå skulen har du rett på skuleskyss. Du kan søkje om skyss via Vigo, eller lese meir om [skuleskyss på heimesida til Forde.vgs.no](#)

Samarbeid med føresette

I løpet av skuleåret vil det bli halde foreldremøte. Informasjon om tidspunkt blir lagt ut på skulens heimeside: www.forde.vgs.no.

Velkommen til Førde vidaregåande skule!

Førde, juni 2026.

Mats Bryne
-rektor-